

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i fastetida – 20. mars 2022

Preiketekst: Luk 22,28-34

Lesetekst I: 2 Kor 12,7-10

Lesetekst II: Sak 3,1-5

Eg bad for deg

Preiketeksten for denne søndagen er henta frå avskilstalen Jesus held for læresveinane, slik det er skildra hos Lukas. Stemninga må ha vore ganske spent, for både i vers 23 og vers 24 skriv Lukas at dei tok til å tretta med kvarandre. Først tretta dei om kven det kunne vera som skulle svika Jesus, deretter om kven som var den største blant dei. Eg ser føre meg at det eine kanskje leidde til det andre. Tretta om å vera den største handla truleg også om kven som skulle få sitja kvar ved bordet.

Læresveinane skal få riket (v. 28-30)

Jesus gjer det klart for læresveinane at den største blant dei, og leiaren deira, må vera som ein tenar. Guds rike fungerer nemleg heilt annleis enn våre målestokkar. Dette riket skal no overlatast til dei. Dette er ei gåve og vi kan gjerne sjå det i ljøs av andre tekstar i Bibelen som talar om den himmelske løna: «Held vi ut, skal vi òg herska i lag med han» (2 Tim 2,12) eller «Den som sigrar, vil eg la sitja med meg på mi trone» (Op 3,21).

Vers 28 gjer det klart at det er ein samanheng mellom det å halda ut i Jesu prøvingar og løna om hans rike heng saman. Fastetida er på mange måtar ein øvingsarena. Kristenlivet er ein kamp, men ein dag er kampen over og det herlege måltidet ventar hos Gud (Jes 25,6).

På bokmål bruker ein verbet «overdra» når Jesus i vers 29 talar om at han «overlèt riket til dykk». På gresk står det *diatithemi*, og dette verbet blir blant anna brukt i samband med paktspråket (Heb 8,10; 10,16) og oppretting av eit testamente (Heb 9,16-17). Ordet for «pakt» og «testamente» er det same på gresk og er avleidd av dette verbet. Det er med andre ord tale om ei formell overdraging av rettar og ansvar.

Peter blir åtvvara (v. 31-34)

Etter å ha kome med desse løfta, kjem så Jesus med ei sterk åtvaring, særleg retta mot Peter, som var leiaren. Han står som ein representant for dei alle.

Tidlegare i Lukas' forteljing om Jesus har vi lese om korleis satan (hebraisk: Klagaren) freista Jesus i ørkenen og vart overvunnen (Luk 4,1-12). Det avsnittet blir avslutta med at djevelen heldt seg borte frå Jesus ei tid, eller til «ei lagleg tid» som det og kan omsetjast (Luk 4,13).

No er denne tida komen. Satan er på nytt på ferde og har alt fått Judas til å overgje Jesus (Luk 22,3-6). Jesu åtvaring til Peter og dei andre, er at «Satan kravde å få sikta dykk som kveite». Det er biletspråk for ei alvorleg prøving og eit kraftig åtak på Guds frelseplan og den kyrkja som skal opprettast. Assosiasjonane går til Jobs bok og dei prøvingane Job vart utsett for.

Jesus snakkar som om hendingane alt er fastsett. Satan har gjort sitt krav, Jesus har innvilga dette kravet og samstundes har han gått i forbøn for Peter. Men Jesus veit at dette kjem til å gå gale og difor talar han orda «når du ein gong vender om». Det er ikkje snakk om noko «viss», men «om». Jesus veit at Peter kjem til å venda om.

Peter sitt svar til Jesus er verdt å ta med seg. Han er viss på at dette kjem til å gå bra. Han er klar til å gå «både i fengsel og i død». Det er fort gjort å overvurdera si eiga kraft og styrke. Altfor mange kristne leiarar har gått i den fella. Jesu ord til Peter og den vidare forteljinga må læra oss at sjølv den sterkaste og mest frimodige kan falla på verste vis.

Peter fekk heldigvis møta Guds nåde gjennom Jesus. Han vart reist opp og sett inn i ei uendeleg rik teneste.

Knut Kåre Kirkholm

Høgskolelektor og undervisningsleiar ved Fjellhaug Internasjonale Høgskole og redaktør av magasinet Fast Grunn.

kkirkholm@fjellhaug.no